



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

(MØTEBOK)

FELLESRÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Anna Marit Storemark, Hans Erik Waage, Vivian Rognsvåg, Solrunn Gullaksen, Terje Stormark og Rune Minde.

Via Teams: Tone Sævi

Kommunal representant: Silje Sulen Gullaksen

Frå kyrkjekontoret: *Evy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: F 05/21 – 08/21

| | |
|----------------|---|
| F 05/21 | GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ 02.02.2021 |
| Vedlegg | Møteboka frå 02.02.2021 Innkallinga til møtet 16.03.2021 |
| Vedtak: | Referat godkjent utan merknader. |

| | |
|---------|--|
| F 06/21 | ORIENTERINGAR |
| | <ul style="list-style-type: none">• Innkjøp av streamingutstyr – saman med Austrheim sokn• Ny ordning for lønskøyning• Status for rekneskapane |

| | |
|---------|---|
| F 07/21 | SANERING AV SOKNET SINE KONTOAR |
| | <p><i>Alle midlane på soknet sine øvrige kontoar, med unntak av skattetrekkskontoen og legatkontoen, vert overført til brukskontoen. Alle desse midlane vert kategorisert i diverse bundne og ubundne fond.</i></p> <ul style="list-style-type: none">• <i>Etter gjennomgang av inntekter og utgifter til G2 (som også inkluderer gjevarteneste som no er opphøyrte), så har G2 komiteen eit beløp til gode på kr. 14.463. Dette beløpet vert sett av på bunde fond, kalla G2 komiteen.</i>• <i>Øvrig fondsfordeling vert å koma tilbake til i seinare vedtak.</i> |



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Bakgrunn:

Etter at Fedje sokn no får sine rekneskaps og faktureringstenester utført av Aider, har vi bestemt oss for å redusera talet på kontoar som soknet disponerar. Medvirkande til denne avgjerda er at Aider tek seg ekstra betalt om vi disponerer meir enn **3 kontoar**. Soknet vil no få **1 brukskonto**. Vi må ha **1 skattetrekkskonto** (administrert av kommunen) og vi må behalda **den eine legatkontoen** vi har. På denne kontoen er det sett av midlar til framtidig gravstell og er pengar soknet disponerer på vegne av ein tredjepart.

Soknet sine kontoar er til dels uoversiktlege og det er behov for meir gjennomgang for å skilja ut kva som er kva. Sjølv om vi no berre får 1 konto å forhalda oss til, skal likevel soknet sine reservar kategoriserast i ulike fond. Noko skal setjast av til bestemte formål og vert då kategorisert som eit bunde fond. Eit bunde fond kan enten gå til drift eller til investering. Andre midlar er ubundne og kan gå enten inn i drifta (til dømes for å dekkja inn eit eventuelt underskot eitt bestemt år) eller brukast til generell investering.

Vi hadde i første omgang eit stort behov for å skilja ut kva som er igjen i forhold til midlar til **G2**. Her har vi inntil nyleg fått inntekter i form av gjevarteneste i tillegg til tidlegare ofringar. Når alle inntekter og utgifter i samband med G2 er tatt med, så har G2 komiteen eit overskot på **kr. 14.463,-**. Dette beløpet vert sett av på eit bunde driftsfond som vi kallar **G2 komiteen**. Dermed vil desse midlane vera øyremarka G2 komiteen og kan ikkje brukast av andre. Sidan utgiftene til G2 har gått til drift, er det naturleg at desse midlane vert sett av i eit bunde driftsfond og ikkje lagt inn i eit investeringsfond.

Eit heilt nytt og anna døme, er minnegåva som no har komen inn i samband med gravferd no nyleg. Her har familien opplyst at dette er ei gåve som skal brukast til eit særskilt formål i kyrkja og skal ikkje gå inn i drifta. Då er det naturleg at desse midlane vert sett inn i eit investeringsfond. Om soknet her får stå fritt til å bestemma formålet kan ein kategorisera desse midlane som eit ubunde investeringsfond. Om givar hadde gitt konkrete føringar på kva midlane skal brukast til, så ville det vera naturleg å kategorisera dette som eit bunde investeringsfond.

Ved vidare gjennomgang av soknet sine reservar, vil vi kategorisera midlane i alle desse ulike kategoriane og namngje dei. Til dømes vil dette vera: Kvardag og Helg, Universell tilgang til kyrkja, Ungdomsarbeid, Minnegåve, osv. I denne kategoriseringa er det også behov for å definera om dei ulike fonda skal vera bundne eller



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

| | |
|----------------|---|
| | <p>ubundne. Det som er til overs etter at formåla er fordelt, vil bli definert som ubunde driftsfond. Dette er midlar som soknet då fritt disponerar. Dette kan som tidlegare nemnt gå til å dekke inn eit eventuelt driftsunderskot eitt konkret år, eller soknet kan velja å bruka fondsmidlar til ei bestemt investering. Ubundne driftsmidlar kan etter reglane brukast til både til drift og investering. Men avsette midlar til investering kan ikkje brukast til drift.</p> <p>Her kjem ei oversikt på inneståande på soknet sine kontoar pr. 12.03.2021:</p> <ul style="list-style-type: none">• 3490.32.11611 (Brukskontoen) kr. 222.967,01• 3632.57.07407 (Ungdom) kr. 30.141,26• 3632.54.98430 (Festeavgift mm) kr. 390.054,80• 3632.71.56327 (Høgr – gjevart mm) kr. 200.373,12• Legatkonto kr. 48.572,00• Skattetrekkskonto: varierar <p><i>Framlegg til vedtak:</i> <i>Fedje Sokneråd godkjenner ny ordning med sanering av soknet sine kontoar. Fedje Sokn vil då sitja igjen med 1 brukskonto, kontonr. 3490.32.11611. Øvrige kontoar soknet skal ha er 1 skattetrekkskonto og 1 gravlegatkonto.</i></p> |
| Vedtak: | Fedje Sokneråd godkjenner ny ordning med sanering av soknet sine kontoar. Fedje Sokn vil då sitja igjen med 1 brukskonto, kontonr. 3490.32.11611. Øvrige kontoar soknet skal ha er 1 skattetrekkskonto og 1 gravlegatkonto. |

| | |
|----------------|---|
| F 08/21 | ÅRSMELDING 2020 |
| | <p><u>Bakgrunn:</u> Årsmeldinga er no klar. Det som manglar er framlagt rekneskap for 2020 i tillegg til dei andre åra, som soknerådet har kjennskap til. Årsmeldinga vert såleis lagt fram utan godkjent økonomisk oversikt, men skal elles vera sakssvarande.</p> <p><i>Framlegg til vedtak:</i> <i>Fedje sokneråd godkjenner årsmeldinga for 2020, slik den ligg føre.</i></p> |
| Vedtak: | Fedje sokneråd godkjenner årsmeldinga for 2020, slik den ligg føre. |



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

(MØTEBOK)

SOKNERÅDSSAKER

Tilstades (medlemmer): Anna Marit Storemark, Hans Erik Waage, Vivian Rognsvåg, Solrunn Gullaksen, Terje Stormark og Rune Minde.

Via Teams: Tone Sævi

Frå kyrjekontoret: *Evj Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: S 07/21 – S 09/21

| | |
|-----------------------------------|---|
| S 07/21 | GODKJENNING AV INNKALLING OG REFERATET FRÅ 02.02.21 |
| Vedlegg: Referat og innkalling | Møteboka frå 02.02.2021 Innkallinga til møtet 16.03.2021 |
| Vedtak: | Referat godkjent utan merknader. |

| | |
|---------|---|
| S 08/21 | ORIENTERING |
| | <ul style="list-style-type: none">• Status for arbeidet i komiteen for ny gudstenesteordning• <u>Nytt soknerådsmøte og årsmøte 4. mai.</u> |

| | |
|----------------|--|
| S 09/21 | KVARDAG OG HELG |
| | <p><u>Bakgrunn:</u> Etter at Grete Herøy så alt for tidleg gjekk bort, har det oppstått eit tomrom etter henne på så mange vis. Ikkje minst vert dette synleg med tanke på Kvardag og Helg. Det er naturleg å drøfta med soknerådet korleis ein har løyst dette med neste utgjeving og kva for tankar som allereie er gjort for drifta av bladet framover. Soknerådet vert med dette bedt om å gje sine innspel.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Saka vert lagt fram som drøftingssak, utan framlegg til vedtak.</i></p> |
| Vedtak: | Ingen vedtak. |